



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
131/19	Formannskapet	11.09.2019
083/19	Kommunestyret	24.09.2019

### Kommunedelplan for Oppstryn - Framlegging til vedtak

#### Bakgrunn for saka:

Kommunedelplanen for Oppstryn blei starta opp hausten 2017. Dette er i tråd med planstrategien for Stryn kommune 2016-2020.

Planframlegget låg ute til offentleg ettersyn i tida 19.03. – 10.05.2019. Innkomne merknader blir her lagt fram for politisk handsaming. Dersom det ikkje blir gjort store endringar i høve planframlegget kan planen vedtakast.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Plan- og bygningslova
- Forskrift om konsekvensutredninger

#### Aktuelt sakstilfang:

#### Ikkje vedlagt sakstilfang:

- Planstrategi for Stryn kommune 2016-2020
- Planprogram for kommunedelplan for Oppstryn
- Innspel til planen i samband med varsel om oppstart
- Innspel til planen i samband med offentleg ettersyn
- Flomsonekartlegging inkludert stormflo for Strynevassdraget, oppdaterte flomsonekart for Stryneelva og Hjelledøla i Stryn kommune (NGI 2018)
- Klimavenleg arealplanlegging (Vestlandsforskning 2019)

#### Vedlegg i saka:

Kommunedelplan for Oppstryn - Planomtale med føresegn	1432232
Plankart med faresoner	1432209
Plankart utan faresoner	1432210
Kartutsnitt Fosnes utan faresoner	1432211
Kartutsnitt Hjelle utan faresoner	1432212
Teiknforklaring Kommunedelplan Oppstryn	1432213
Kommunedelplan for Oppstryn - Konsekvensutgreiing med Risiko- og sårbarheitsanalyse	1432208

**Saksopplysningar:**

Formannskapet vedtok oppstart av kommunedelplan for Oppstryn og høyring av planprogrammet den 25. oktober 2017, FO 110/17. Planprogrammet vart fastsett av kommunestyret den 6. februar 2018, KS 002/18. Det står her at planen skal ta føre seg følgjande føremål; bustadområde, tettstadutvikling, sommarskisenteret, nasjonalparklandsby, klima, samferdsle, fritidsbustader og lokalt næringsliv.

Under skildring av planframlegget i planomtalen står det korleis dei ulike tema er handsama i planprosessen, og kva planframlegget omfattar. Det er elles utarbeidd ei overordna ROS-analyse samt gjennomført konsekvensutgreiing og ROS sjekklister for dei nye utbyggingsområda. Det er plankartet og føresegnene som er juridisk bindande.

Plankartet er vedlagt i pdf-format, men ein finn dette og på heimesida til kommunen. Kartløysinga *kommunekart* finn ein under plankart og planregister (under planar). Inne på kartløysinga vel ein kartlag, plankart og kommuneplan forslag (ta av reguleringsplanar og eigedom). For å få meir informasjon om dei ulike områda kan ein klikke inne på kartet.

**Innspel til planarbeidet:**

Kommunedelplanen for Oppstryn låg ute til offentleg ettersyn i tida 19.03. – 10.05.2019.

Før planen blei lagt ut til offentleg ettersyn blei det heldt eit ope orienteringsmøte den 25. oktober 2018. Her vart det mellom anna orientert om planlagde nye utbyggingsområda i Oppstryn og tettstadprosjektet på Hjelle. Planen blei justert noko i etterkant av møtet.

Kommunen har motteke i alt 24 innspel til planframlegget. Hovudtrekka i innspela til planen er referert fortløpande. Rådmannen sine kommentarar til innspela/merknadene er skrivne i kursiv. Syner til sak- og dokumentnummeret for dei som ønskjer å lese heile innspelet.

Fylkesmannen i Vestland varsla motsegn den 3. mai. Med bakgrunn i deira notat blei det gjennomført eit dialogmøte mellom Stryn kommune og Fylkesmannen den 7. mai og synfaring den 6. juni. Fylkesmannen si tilbakemelding etter dialogmøtet i brev av 11. juni omfattar ikkje motsegn til planframlegget. Fylkesmannen har i tillegg gjeve tilbakemelding i brev av 27. august på dei justerte føresegna som blei sendt til Fylkesmannen før sommaren.

Med bakgrunn i dette kan planen vedtakast slik den ligg føre.

**Innspel frå Hjelle vassverk – sak 17/1566 dok.56**

Hjelle vassverk v/leiar Gunnar Harstad meiner at kapasiteten ved Hjelle vassverk ikkje er bra nok til fleire husstander enn dei tomtene som no er klare (4 stk.), og skriv ein del om bakgrunnen for dette. Harstad ber om dokumentasjon i høve kommunen sine påstander om at dette er tilfelle.

Han skriv at Hjelle vassverk ikkje gjev løyve til at fleire tomter/hus får kople seg til ledningsnett til vassverket så lenge kapasiteten på høgdebasseng og stengekum i Hjelletunet ikkje er større.

***Kommentar:***

*Kommunen meiner at det er mogleg å utvide kapasiteten ved Hjelle vassverk ved å dimensjonere opp dei tekniske løysingane etter behov. Det kan i tillegg vere aktuelt for kommunen å overta vassverket dersom det skulle vise seg å vere føremålstenleg.*

*Når det gjeld avløp har det kommunalt opparbeida infiltrasjonsbassenget/anlegget kapasitet til 17 bueiningar. Anlegget har i 2019 totalt 9 abonnentar.*

#### Innspel frå Oppstryn idrettslag (OIL) – sak 17/1566 dok.57

Oppstryn IL viser til tidlegare merknad om at idrettslaget har laga til ei skiløype (sambinding) mellom lysløypa og Gutalen. Løypa går i området «Gutdalsberget» der det er gjort framlegg om å avsetje areal til bustadbygging. Idrettslaget ber om at det blir tatt omsyn til denne traséen i det vidare arbeidet med tilrettelegging av areal for bustadbygging.

#### *Kommentar:*

*Kartvedlegget til innspelet syner at eksisterande skiløypa ligg innanfor framtidig bustadområde B426. Det er teke inn i føresegnene at reguleringsplanen for bustadområdet skal ta omsyn til skiløypa.*

#### Innspel frå Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF) – sak 17/1566 dok.58

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF) gir her nokre generelle innspel til planar med bakgrunn i kommunestyrets oppgåver og ansvar for kommuneplanar og reguleringsplanar. Det blir vist til at kommunen har ei nøkkelrolle for at vi skal nå dei nasjonale miljømåla.

Dei oppmodar kommunestyret og administrasjonen om å leggje vekt på kunnskapsgrunnlaget om klimaendringar og arealendringar i planprosessane og ta ansvar for naturgrunnlaget og friluftslivsinteressene, slik at vi kan dekke grunnleggjende behov lokalt også i framtida.

#### *Kommentar:*

*Innspelet er generelt og omfattar ikkje noko konkrete merknader til kommunedelplanen for Oppstryn. Administrasjonen prøver så godt som mogleg å følgje opp kommunen sitt ansvar og oppgåver i tråd med nasjonale og regionale føringar. Innspelet er teke til vitande.*

#### Innspel frå Astrid Fure – sak 17/1566 dok.59

Eigar av Krinsvang (gamle Dispen skule) ønskjer at eigedomen skal omregulerast frå landbruk til fritidseigedom, slik at den gamle skulen kan erstattast av feriehus med garasje.

#### *Kommentar:*

*I matrikkelen står det at eigedomen blei etablert i 1935 og at bruk av grunn er Annet. Administrasjonen rår frå å etablere eit fritidshus midt i eit jordbruksområde som vil føre til driftsulemper for landbruket. Dette er og eit viktig friluftslivsområde der ein ikkje bør leggje til rette for hytter som vil privatisere området.*

#### Innspel frå Aaland arkitektkontor – sak 17/1566 dok.61

Aaland arkitektkontor vil på vegne av Roger Øren be om at det vert gjort ei ny vurdering vedkomande innspelet om fritidsbustader på gbnr. 6/6. Teigen blir i dag nytta til beiting.

Slik dei ser det er området svært godt eigna til fritidsbustader. Det at området er bratt meiner dei i seg sjølv ikkje kan vere eit argument mot utbygginga, då mange hytteområde ligg i bratt terreng. Det opplysast elles om at tiltaket, som i følgje skredfarevurderinga måtte gjerast på naboeigedomen, kan i følgje geologen gjennomførast på eigen grunn, då i samarbeid med NVE.

#### *Kommentar:*

*Arealplanlegging som tek omsyn til flaum- og skredfare er det viktigaste virkemidlet for å forebygge tap og skader på grunn av naturfare. NVE rår difor til at kommunen, så langt som mogleg, styrer arealbruken slik at ein unngår ny utbygging i område som kan vere utsett for flaum-, erosjons- eller skredfare. Skredfarevurderinga syner at ein må inn med tiltak dersom området skal vere trygt for flaumfare. Rådmannen held fast på si tilråding om å ikkje leggje ut dette området til fritidsbustader.*

*I Veslebygda er det lagt til rette for relativt store områder til både sjølveigde hytter og utleiehytter. Rådmannen meiner at det er lagt ut tilstrekkeleg areal til dette føremålet.*

#### Innspel frå Odd Gunnar Tunold – sak 17/1566 dok.62

Odd Gunnar Tunold syner til område B403 på Tunold. Ber om at området justerast noko for å få betre plassering av hus samt utvide området slik at det også omfattar eit område som allereie er ferdig opparbeidd og er godt eigna til bustader, jf. kartvedlegg.

#### *Kommentar:*

*Rådmannen rår til at ein utvider utbyggingsområdet der dette allereie er opparbeidd, slik at området blir best mogleg nytta. Når det gjeld utviding mot toppen rår ein frå dette då det vil vere uheldig for landskapsbilde å byggje så høgt mot silhuetten. Det er teke inn eit krav i føresegna om at ein skal ta omsyn til landskapet i samband med utarbeiding av reguleringsplanen.*

#### Innspel frå Joker Hjelledalen – sak 17/1566 dok.63

Det blir vist til at det står i kommunedelplanen om at kommunen har kommentert at offentleg toalett er tilgjengeleg for ålmenta på Buda AS, Joker Hjelledalen. Dei opplysar om at denne ordninga ikkje er tilfredstillande, og ber kommunen om å arbeide for å få til eit offentleg toalett ved butikken - gjerne i samarbeid med Statens vegvesen og til dømes Nasjonale turistvegar.

Dei skriv vidare at i følgje Werner Harstad i Nasjonal turistveg går gamle Strynefjellsvegen frå Grotli, nedover dalen til og med Hjelle, ikkje berre ned til Videsæter som kommunen kommenterer. Slik ville det passe bra med offentleg toalett også i denne samanhengen.

#### *Kommentar:*

*For ei så stor reiselivskommune som Stryn er det avgjerande at det er gode toalett- og renovasjonsordningar. Der verken Statens vegvesen eller private har noko ansvar bør kommunen stå ansvarleg for etablering av toalett der det er behov og ta del i eit spleiselag for å drifte toalettet. Dette vil krevje større økonomisk engasjement frå kommunen enn det vi har opplevd til nå.*

*I samband med turistsesongen 2019 blei det etablert midlertidige toalett ved Tyva (parkeringa til Skåla) og ved Breng. Det er ikkje teke stilling til om kommunen skal bidra i eit eventuelt offentleg toalett ved Buda. Dette er uansett ikkje eit tiltak som det er naudsynt å ta stilling til i ein kommunedelplan.*

*I følgje nettsida til Statens vegvesen er omgrepet Nasjonal turistveg Gamle Strynefjellsvegen nytta på strekningen mellom Grotli og Videsæter og er 27 km lang (veg 258), sjølv om Hjelle og har ein viktig rolle for turistvegen då gamlevegen starta ved brygga i Hjelle. Statens vegvesen har planlagt anlegg både på Videseter og Jøl bru utan toalett.*

#### Innspel frå Statens vegvesen – sak 17/1566 dok.64

Statens vegvesen har følgjande innspel:

- Bustadområde B401: Her bør det gjerast ei vurdering på å endre plassering av innkøyring for å sikre trafikktrygge tilhøve for alle trafikkant-grupper.
- Kombinert føremål KB401 og fritids- og turistføremål FT402: Utbyggingsområda er plassert i relativ kort avstand til tunnel-opning, der stor fart i tunnel kan utgjere eit farepotensiale. Kommunen bør vurdere endra plassering av avkøyring til områda i staden for tiltak på fylkesvegen som er skildra i ROS-analyse.
- Fritidsbustader F404 og bustadområde B403: Avkøyrsla frå Rv. 15 til Tunoldsvika er ikkje god nok med omsyn til trafikktryggleik. Planarbeidet må gjere tiltak for å sikre trafikktryggleiken.
- Bustadområdene B425 og B426: Avkøyrsla til Hogane aust og Hogane vest frå Rv. 15 er veldig trafikkfarleg og må utbetrast dersom det skal kunne byggast i område.

Statens vegvesen oppmodar kommunen om å leggje til rette for at desse vert plassert og utforma slik

at trafikktryggleiken vert ivareteke. Vidare at deira handbøker blir lagt til grunn for dei løysingane som vert planlagd. Omsyn til støy frå vegane må løysast som ein del av framtidig planarbeid.

*Kommentar:*

*Når skredsikringa for Fv 722 Veslebygda-Flo er ferdig vil tunellen mellom dei to bygdene gå lengre opp, og vegen ned til bustadområde B401 vere ein blindveg. Det vil då ikkje vere behov for å endre plassering på innkøyringa. Det er ikkje aktuelt å etablere bustadområde før skredsikringsarbeidet er avslutta.*

*Vegen ned til det kombinerte området KB401 og område for fritids- og turistføremål FT402 er justert i høve til gjeldande reguleringsplan, slik at avkøyrsla er planlagd lengre frå tunnelopninga. Denne er no teikna inn i kommunedelplanen.*

*Vegvesenet meiner at ny avkøyrsla til område for fritidsbustader F404 og bustadområde B403 kan gjennomførast. Krav om trafikkssikker tilkomst før områda takast i bruk er lagt inn i føresegnene.*

*Det er og lagt inn krav om trafikkssikker tilkomst før bustadområde B425 og B426 kan takast i bruk, og at tilkomsten til B425 skal skje via B426.*

Innspel frå Sigrid Berge og Robin Midbøe – sak 17/1566 dok.65

Eigarane av gbnr. 1/1 på Eikeneset har fått tilbakemelding frå vegvesenet om at dei mest sannsynleg ikkje skal bruke Eikeneset som deponiområde. Syner til at det blir prioritert hyttebygging i Veslebygda, og meiner at det er rettvist at dei og kan nytte delar av eigedomen til hyttebygging.

*Kommentar:*

*Området ligg som anlegg- og riggområde i detaljreguleringsplan for fv. 722 Veslebygda-Flo, skredsikring. Det står i føresegnene at området kan nyttast til varig lagring av masser.*

*Statens vegvesen skriv følgjande i samband med handsaming av dette innspelet til reguleringsplanen: Det er trong for eit område nær Veslebygda for både mellombels og permanent lagring av stein- og jordmassar. Dette området har tidlegare vore nytta til same føremål, og det er ingen betre alternativ i nærleiken. Rådmannen held difor fast på at området blir nytta til massedeponi, då dette kan vere viktig for at skredsikringa av Veslebygda-Flo blir gjennomført.*

Innspel frå Mads og Kari Garlid – sak 17/1566 dok.66

Mads og Kari Garlid ønskjer at delar av eigedomen skal ha delt føremål, med bakgrunn i at dei ønskjer å gjere om pensjonatet til leiligheter. Dei er usikre på om dei får leigd ut som langtidsleige eller til dømes på vekesbasis. Ønskjer difor at den skraverte delen på vedlagte kart skal ha kombinert bustadføremål og turistføremål.

*Kommentar:*

*Rådmannen rår til at delar av eigedomen får kombinert føremål; bustadområde og fritids- og turistføremål. Dette i tråd med innspelet.*

Innspel frå Direktoratet for mineralforvaltning – sak 17/1566 dok.67

Direktoratet for mineralforvaltning viser til deira innspel ved oppstart om at det bør utarbeidast eigen temaplan for mineralressursar, og oppmodar om at dette vert gjort.

*Kommentar:*

*Om kommunen skal utarbeide ein eigen temaplan for mineralressursar vil bli vurdert i samband med utarbeiding av ny planstrategi for kommunen. Planstrategien for 2020-2024 skal vedtakast av det nye kommunestyret seinast eitt år etter konstituering.*

Innspel frå Folkehelseavdelinga – sak 17/1566 dok.68

Folkehelseavdelinga har ingen merknader til planen.

#### Innspel frå Lars Henrik Skår – sak 17/1566 dok.69

Lars Henrik Skår ønskjer å fylle/rette opp skråning mot vatnet på Mindresunde camping. Dette er ikkje teke med i planframlegget. Vil at dette vert teke opp til ny vurdering, fordi dei ser dette som eit viktig tiltak for å kunne utvikle campingplassen vidare.

#### *Kommentar:*

*I gjeldande kommuneplan låg det inne ein turveg frå Meland og til Mindresunde camping. I planframlegget er denne forlenga rundt Mindresunde camping.*

*Det er sett krav om ein situasjonsplan for turvegen. Eventuell muring i tilknytning til campingplassen må sjåast i samanheng med denne. Dette bør gjerast med minst mogleg utfylling i Oppstrynsvatnet, og det er difor ikkje lagt inn noko utviding av campingplassen i planframlegget. Det skal takast omsyn til naturkvalitetane knytt til Oppstrynsvatnet, det freda kulturminnet, den gamle brygga og til landbruk.*

#### Innspel frå Noregs vassdrags- og energidirektorat – sak 17/1566 dok.70

NVE har følgjande innspel til planomtalen:

- Flaumskred er ein skredtype, og den nemninga kan de ta ut av overskrifta i kap. 2.4.2.
- Kravet om å vurdere fare for kvikkleireskred under marin grense kan synleggjerast betre, mellom anna i kap. 2.4.1.

NVE syner til at nokre tiltak er avhengig av risikoreduserande tiltak. Rår til at kommunen vurderer om dette teknisk let seg gjere, og/eller om det er forsvarleg i høve til miljø og økonomi. NVE skriv vidare at utbygging i størst mogleg grad bør styrast til areal som er naturleg trygge nok.

NVE meiner at gang- og sykkelvegen som hovudregel bør utvidast bort frå vassdraget. Inngrep i vassdraget bør unngåast så langt mogeleg.

#### *Kommentar:*

*Planomtalen er justert i tråd med NVE sine merknadar.*

*Kommunen har i størst mogleg grad lagt nye utbyggingsområde til område som er naturleg trygge, dette i tråd med føringar frå NVE. På Hjelle er det derimot lagt inn eit område som ligg skredutsatt til. Her har NGI vurdert at det er teknisk mogleg å gjennomføre sikringstiltak då dette er lokal skredfare.*

*Traséen for gang- og sykkelvegen er ikkje juridisk bindande. I planframlegget ligg den no i hovudsak mellom vegen og Oppstrynsvatnet, då dette har minst konsekvensar i høve landbruket. Dette kan justerast i samband med utarbeiding av reguleringplan for gang- og sykkelvegen.*

#### Innspel frå Gunnar Harstad – sak 17/1566 dok.71

Gunnar Harstad skriv at det er fleire personar med eigedomar på Hjelle som er svært usamde til fortetting av busetnad/utviding av tomteområde på Hjelle. Det visast til innspel som har vore innsendt tidlegare.

#### *Kommentar:*

*Tilrettelegging for fleire bustadar på Hjelle er i samsvar med planprogrammet, fastsett av kommunestyret 6. februar 2018.*

#### Innspel frå Oppstryn bygdekvinnelag – sak 17/1566 dok.72

Oppstryn bygdekvinnelag v/leiar Berit Wetlesen er godt nøgd med planframlegget. Dei er særleg

nøgde med at det er funne areal for nye bustader både i Sandvika, på Fosnes, på Solbakken, på Hjelle og Hogane og at det er lagt vekt på tettstadutvikling på Hjelle.

Dei er også positive til at det er avsett areal til badeplass og parkering ved Gardssanden. Men ønsker areal til offentleg toalett same stad. Tilgang til toalett på Nasjonalparksenteret eller Buda er ikkje reelle alternativ.

Har i tillegg nokre kommentarar til planomtalen:

- Dei trur at hovudforklaringa på færre ulukker på Oppstrynsvatnet vinterstid er klimaendringar slik at det stadig sjeldnare legg seg is på vatnet (pkt. 2.4.13)
- Det var tre handelssentrum tidlegare, - også Tangen hadde 2 daglegvarebutikkar på linje med Fosnes og Hjelle (pkt. 3.1)

*Kommentar:*

*For ei så stor reiselivskommune som Stryn er det avgjerande at det er gode toalett- og renovasjonsordningar. Der verken Statens vegvesen eller private har noko ansvar bør kommunen stå ansvarleg for etablering av toalett der det er behov, og ta del i eit spleiselag for å drifte toalettet. Dette vil krevje større økonomisk engasjement frå kommunen enn det som har vore tilfelle fram til no.*

*I kommunen si oversikt som syner manglande allment tilgjengeleg toalett, står både Gardssanden og Lund på Hjelle, men desse er enno ikkje prioriterte. I samband med turistsesongen 2019 blei det etablert midlertidige toalett ved Tyva (parkeringa til Skåla) og ved Breng.*

*Planomtalen er justert i tråd med Oppstryn bygdekvinnelag sine merknadar.*

Innspel frå Knut Magne Mork og Anne Margretha Mork – sak 17/1566 dok.73

Merknadane gjeld i hovudsak området Solbakken B413 som er lagt inn med 15 tomter. Meiner at det planlagde bustadområdet tek ein stor andel dyrka mark, og halvparten av dette ligg på eigedom 29/4. Dei synast dette er urimeleg. Syner også til at det er rasfare for området.

Dersom kommunen likevel vel å halde fast på å leggje ut Solbakken som bustadområde, ber dei om at feltet vert avgrensa til det som opphavleg var tenkt.

Dei meiner difor at andre stader på Fosnes vil vere betra eigna til bustadtomter:

- Heile eller delar av område GF403 bør inkluderast i B411
- Legg inn igjen 2 tomter på ovanforsida av B412, som tidlegare blei teke ut grunna støy frå skytebana. Dette er ikkje noko problem i dag, då det er liten aktivitet på bana.
- Ein bør ta i bruk Storeholen til bustadtomter. Her er det verken rasfare eller dyrka mark.

*Kommentar:*

*Fylkesmannen vurderer og det planlagde bustadområdet på Solbakken som uheldig for landbruket. Syner difor her til kommentaren under Fylkesmannen sitt innspel. Når det gjeld rasfare kan det i følge NGI si skredfarevurdering frå 2017 byggjast bustader i området. Men med bakgrunn i tilsendt utskiftingsprotokoll er det likevel sett krav om at fagkompetent instans skal dokumentere at området tilfredstiller sikkerheitssone S2 (bustader).*

*I tråd med tilbakemelding frå teknisk etat blei området utvida for at det skulle kunne bli nytta på best mogleg måte, både i høve til teknisk infrastruktur og eksisterande høgspenline.*

*Det er viktig med grøntområde/friområde i eit bustadområde for at området skal vere attraktivt. Rådmannen rår difor til å ikkje endre føremål på GF403 til bustadføremål.*

*I gjeldande reguleringsplan er det planlagt ny veg til skytebana over dei to føreslegne nye tomtene ved B412. Desse er ikkje skilt ut som eigne tomter. Utviding av bustadområdet har ikkje vore spelt inn tidlegare i planprosessen. Rådmannen rår til at ein ikkje gjer noko endringar her på dette tidspunktet.*

*NGI har i si skredfarevurdering frå 2017 vurdert Storeholen til å ikkje vere trygt for bustader.*

#### Innspel frå Elsa Flo Nilsen – sak 17/1566 dok.74

Elsa Flo Nilsen ønskjer å utføre tiltak for å hindre utvasking av grunn langs heile strandlina på eigedom 29/7. Vil gjere dette ved muring med stein. Det vil samtidig vere behov for å etablere ein meir skjerma plass for småbåt i den austlege delen av eigedomen. Syner til at andre eigedomar langs Oppstrynsvatnet har gjort tilsvarande tiltak.

#### *Kommentar:*

*Det er lagt inn følgjande føresegn under punktet om Bruk og vern av vassdrag: Det er tillatt å mure/sikre eksisterande strandline ved Oppstrynsvatnet for å hindre erosjon/utvasking av grunn. Tiltaket som er spelt inn kan då gjennomførast i tråd med føresegna.*

#### Innspel frå Asbjørn Fure – sak 17/1566 dok.75

Asbjørn Fure syner til at dei ved oppstart av planen spelte inn at dei ønskte «spredt hyttebygging» samt «utvikling av bygg/tilrettelegging der dei kan tilby unike opplevingar i samband med overnatting og mat». Ønskjer å nytte randsoner i LNF som ikkje kan nyttast til jordbruk til å utvikle turismen på garden.

Det er planer om at den gamle vegen til Flo blir stengd, og tunnelen fysisk stengd. Dei meiner området bør tilretteleggast som eit tur- og sykkelområde.

Speler inn framlegg til felles båtbrygge for alle rundt Oppstrynsvatnet på Veslebygda sida av grensa mellom Veslebygda og Flo.

#### *Kommentar:*

*Føremålet «LNF spreidd fritidsbusetnad» var i noko grad nytta i gjeldande kommuneplan frå 2006. Dette føremålet har ikkje vore brukt dei seinare åra. Grunngevinga er at det er få område som er trygge for naturfare, og dersom ein må ta i bruk landbruksareal eller andre verdifulle område for utbygging bør ein leggje til rette for ein intensiv utnytting av arealet.*

*I planframlegget til kommunedelplanen er det lagt ut eitt område til fritids- og turistføremål (FT402) nedanfor fylkesvegen i samråd med grunneigar. Delar av dette området skal nyttast til mellombels anleggsområde, jf. detaljreguleringa for Fv 722 Veslebygda-Flo Skredsikring. Etterbruken skulle eigentleg ha vore landbruk, men blir no altså endra i samband med kommunedelplanen.*

*I reguleringsplanen for fylkesvegen står det at Fylkeskommunen ikkje tek ansvar for å drifte sykkelveg på utsida av tunnelen. Sjølv om det har vore ønskeleg at gamlevegen blir helden open og dermed kunne ha vore nytta som gang- og sykkelveg, er det vanskeleg å tilrå dette. Bakgrunnen for dette er at vegen truleg blir kommunal, og kommuneadministrasjonen ikkje har fagkompetanse i høve drift av tunellar.*

*Rådmannen har allereie lagt til rette for å nytte dei gamle bryggene til felles båtbrygge, ved at desse har føremål småbåthamn i planframlegget. Det er ei slik felles båtbrygge i Veslebygda. Det er ikkje føremålstenleg at den i Veslebygda er felles for samtlege bygder rundt Oppstrynsvatnet.*

#### Innspel frå Jon Gudbrand Kveen Øvre-Flo – sak 17/1566 dok.76

Jon Gudbrand Kveen Øvre-Flo syner til område for parkering som er lagt på gbnr. 8/5.

Det er frå deira side tenkt utfylling for oppstilling av inntil 2 bussar relatert til mogleg etablering av



reiselivsinvestering. Grunna fyllingshøgde/skråningsutslag er det i så fall tenkt etablering av fruktlager/landbruksgarasje på nedsida av oppstillingsplassen. Det blir poengtert at dette skal vere privat parkering knytta til deira reiselivsinvestering, eller parkering etter avtale. Skriv at omfang på parkeringsareal er teikna for stort og må justerast, saman med skildring av områdefunksjon.

*Kommentar:*

*Rådmannen har hatt fleire møter med grunneigar i samband med deira reiselivssatsing. Etter råd frå Fylkesmannen har området no føremålet LNF (Landbruks-, natur- og friluftsføremål) med spreidd næringsbusetnad, i staden for fritids- og turistføremål. Bakgrunnen for dette er at reiselivssatsinga i stor grad er knytt til garden sine ressurser, og då er det meir korrekt å nytte dette føremålet.*

*I tråd med innspelet frå Fylkesmannen er det sett krav om reguleringsplan for området, dette med bakgrunn i tilråding frå Fylkesmannen i og med at arealet på Flo er veldig verdifullt - og at det av den grunn er viktig at området blir best mogleg nytta. Det er og teke inn nokre føresegn, som er i tråd med grunneigaren sine planer for området.*

*Når det gjeld parkeringsplassen er det stort behov for at delar av denne skal vere allment tilgjengeleg, då dette er naudsynt for å legge til rette for turistar og andre som går over Flofjellet.*

Innspel frå Sogn og Fjordane fylkeskommune– sak 17/1566 dok.77

Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgjande merknader til planframlegget:

Det blir vist til planomtalen, der dei saknar den regionale planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter under pkt. 1.3.2 og rapporten om tettstadprosjektet på Hjelle under pkt. 1.3.3.

Dei rår vidare til å tydeleggjera i føresegnene under kvart arealbruksføremål kva område det er krav om detaljregulering og kvar det ikkje er slikt krav, gjerne i tabellform.

Når det gjeld det planlagde vasskraftutbygginga i tilknytning til Stryn sommarskisenter skriv dei at dei er positive til at kommunen opnar opp for klimavenleg energiproduksjon, og om korleis konsesjonssakar skal handsamast. Dei er kritiske til at det ikkje er krav om detaljreguleringsplan, og at det ikkje er sagt noko om avbøtande tiltak i høve naturmangfald og fiskeinteresser.

For Hjelle sentrum meiner fylkeskommunen at føresegnene til kommunedelplanen må vera meir konkrete og utfyllande. For å utvikle Hjelle sentrum i tråd med konseptet frå tettstadprosjektet bør fleire av føringane implementerast som føresegner, evt. som retningsliner.

Dei er kritiske til etablering av bustadområda B425 og B426; begge ligg delvis på jordbruksareal.

Det ville vore ønskjeleg å få vurdert område for bustadbygging nærare sentrum av Hjelle, noko som er i tråd med Regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur.

Dei rår til at kommunen er meir konkret i føresegnene på korleis leikeareala skal opparbeidast for å vere tilfredstillande. Dette gjeld og pkt. 9 Grønstruktur, bokstav c (friområde) samt for dei mellombelse bygningane innanfor Stryn sommarskisenter (ID402).

Fylkeskommunen rår til at kommunen gjer ei ny vurdering knytt til krav om detaljregulering for nokre av områda som er lagt ut til fritids- og turistføremål (FT401-FT413).

Dei rår til at det blir sett føresegner eller omsynssoner for å sikre vassmiljøet og korleis ein skal handtere overvatn i planområdet. Det blir vist til rettleiarar. Oppmodar kommunen til å nytte seg av eksisterande tilskotsordningar for klimatiltak for ei klimavenleg utvikling.

Det blir opplyst om at det er Bergen Sjøfartsmuseum som er rette mynde i høve kulturminne under

vatn. Dei skal underrettast via fylkeskommunen ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak i sjø, vann og vassdrag.

Riksantikvaren er nøgd med bruk av omsyn- og bandleggingssonar, og føresegner.

Fylkeskommunen er nøgd med planframlegget sine omsyn til kulturminne frå nyare tid, men rår til at det blir teke inn følgjande i retningslinene for dei av omsynssonene H570 som omfattar bygningar: Opphavleg/eldre material skal bevarast så langt det let seg gjere. Dersom ein må skifte ut opphavleg/eldre material med ny skal den nye materialen ha same utforming og kvalitet som den opphavlege.

*Kommentar:*

*Rådmannen har teke inn den regionale føresegna om lokalisering av handel og kjøpesenter under punktet om regionale føringar. Tettstadsprosjektet for Hjelle er allereie omtalt under punktet om utgreiningar i planområdet, som no står i Konsekvensutgreiing med ROS-analyse.*

*Rådmannen har på bakgrunn av innspelet gjort følgjande endringar i føresegnene:*

- Det er sett krav om detaljreguleringsplan for fleire utbyggingsområde.*
- Meir tydeleg i høve til kva for område det er krav om reguleringsplan.*
- Krav om reguleringsplanar for fleire utbyggingsområde, mellom anna for den planlagde vasskraftutbygginga i tilknytning til Stryn sommarski.*
- Det er sett vilkår til dei mellombelse bygningane knytt til Stryn sommarskisenter.*
- Meir konkrete føresegn til leikeareal og friområde.*
- Teke inn tilrådd retningsline for bygningar innanfor omsynssone bevaring kulturmiljø.*

*Rådmannen har nytta nesten samtlege av føresegnene som blei foreslått av arkitekten i samband med tettstadsprosjektet for Hjelle. Det har elles ikkje vore mogleg å plassere meir område for bustadbygging nærare sentrum av Hjelle enn kva som ligg i planframlegget, då det mellom anna er relativt stor skredfare ved Hjelle.*

*Viser til innspel frå Fylkesmannen vedrørande bruk av landbruksareal til nye utbyggingsområde.*

*Rådmannen har ikkje lagt inn nye føresegn knytt til overvasshandsaming.*

Innspel frå Amund Mork – sak 17/1566 dok.78

Amund Mork syner til det planlagde bustadområdet som kommunen har kalt for Solbakken. Han opplysar om at det lokale og korrekte namnet er Steintegane.

Skriv at det er svært konfliktskapande å plassere eit bustadfelt midt i eit jordbruksområde. Viser og til at dette er i strid med offentlege retningsliner for jordvern, og vil gjere skade på fulldyrka jord og velstelt kulturbeite. Stryn kommune må i staden ta i bruk uproduktivt areal eller tome hus. Meiner at området også er skredutsett, og viser til kopi av dokument frå Sorenskrivaren i Nordfjord.

Ber om at bustadområdet blir teke ut av planframlegget.

*Kommentar:*

*Rådmannen rår til at planen skal omfatte bustadområdet på Steintegane. Grunngevinga for dette er å finne under kommentaren til innspelet frå Fylkesmannen i Vestland. Men ein rår og til at ein ikkje endrar namn då ein oppfattar at det er greitt nok slik at dei fleste skjønner kvar området ligg.*

*Når det gjeld skredfare er det kravd dokumentasjon frå fagkompetent instans om at området tilfresstillir sikkerheitssone S2. Dette er gjort med grunnlag i innspelet, og til tross for at NGI i 2016/2017 har vurdert området som trygt for etablering av bustader (sikkerheitssone S2).*

### Innspel frå Rune Skår – sak 17/1566 dok. 79

Det er eit felles ønskje frå Sigrid Berge, Alf Ståle Flo og Rune Skår å få lagt eit hyttefelt på 1/1, 2/1 og 2/2 inn på kommunedelplanen for Oppstryn.

#### *Kommentar:*

*I gjeldande kommuneplan frå 2006 låg det inne eit hytteområde på Skår. Dette blei teke ut før kommunedelplan for Oppstryn blei lagt ut til offentleg ettersyn, både fordi dette ikkje hadde blitt realisert og at det var omfatta av aktsemdskart for skredfare. Dette området er ikkje i samsvar med det området som no blir spelt inn som hytteområde.*

*Innspelet kom inn i samband med offentleg ettersyn, men skulle ha kome inn tidlegare i planprosessen. Området kan ikkje takast inn i planen no utan at den må ut på ny høyring. Rådmannen rår difor til at ein ikkje vurderer området, då dette vil forseinke vedtak av planen.*

### Innspel frå Fylkesmannen i Vestland – sak 17/1566 dok.82 og dok.83

Fylkesmannen sitt generelle inntrykk er at det i all hovudsak er gjort eit omfattande og grundig arbeid med kommunedelplanen, men peikar på følgjande:

Det er gjort ei vurdering etter dei miljørettslege prinsippa etter naturmangfaldlova for dei samla verknadane av planen, men ikkje for dei einskilde byggjeområda. Fylkesmannen vil understreke at dette er ein klar mangel ved konsekvensutgreiinga.

I heile planområdet er det lagt til rette for om lag 40 bustadtomter. Fylkesmannen vurderer det slik at dette må vere langt meir enn det reelle tomtebehovet.

Sjølv om fleire bustadområda fører til nedbygging av dyrka jord, så er det spesielt bustadområde B413 dei vurderer som mest uheldig for landbruket. **Fylkesmannen vil sterkt rå frå etableringa av byggjeområde B413 og dei oppmodar kommunen nok ein gong om å leite etter alternativt tomteareal.** Det er peika på FT406 på Fosnes som eit mogleg alternativ.

På Flo er det sett av område til fritids- og turistføremål og parkering. Dei er kritiske til å plassere utleiehytter og parkering på dyrka mark, og stiller spørsmål om det finst alternativ. Dei meiner at det bør stillast krav om at det skal utarbeidast reguleringsplan for område FT401.

Fylkesmannen syner til idrettsområdet på Tystigen, og skriv at ein bør unngå catskiing opp på Kvitlenova 1898, og at det bør vere tilstrekkeleg opp til foten av fjellet ca. 1700 moh, på nordvestsida av fjellet. Fylkesmannen meiner og at den sørlege trekanten i ID403 bør avsetjast som LNF-område og ikkje til idrettsføremål. Det må innarbeidast meir føringar i høve bygningane som kan oppførast.

Gang- og sykkelvegtraséane er vist på plankartet som ikkje juridisk bindande, med krav om reguleringsplan. Av omsyn til trafikktryggleik, fiskeinteressene, naturmangfaldet og landskapsbilete bør kommunen vurdere om gang- og sykkelvegen bør liggje på same side av vegen som busetnaden. Traséen vil uansett vere konfliktfull. Dersom gang- og sykkelvegen blir lagt på den andre sida av vegen vil han kome i konflikt med landbruksinteressene.

Turstien frå Mindresunde camping til Dispen låg inne i gjeldande plan frå 2006, men er ikkje opparbeidd. Fylkesmannen meiner at kommunedelplanen må ha føringar som sikrar at det ikkje vert gjort uheldige inngrep, eller som sikrar vassdrags- og landbruksinteressene godt nok, eller plankrav.

Når det gjeld eldre reguleringsplanar som ikkje er realiserte, bør desse vurderast om dei er i strid med nasjonale og regionale interessar. Døme er reguleringsplanane for område FT406 og FO402 på Fosnes om den er i konflikt med jordvernet. Dei legg difor til grunn at dei får søknadar om utbygging etter reguleringsplanar eldre enn 10 år på høyring.

På kommuneplannivå skal det som hovudregel utarbeidast ROS-analyse på aktsemdsnivå, men ein må avdekke reell fare viss ein ikkje har krav om detaljregulering. Dette gjeld mellom anna for områda KB401 (Veslebygda) og B417 (Hjelle).

Dei saknar ein nærare omtale av dei einskilde funna, så vel som ei skildring av prosessen i høve til ROS-analyse. Dei oppfattar at det i liten grad er knytt omsynssoner til dei «sårbare objekta». Dei saknar og ei vurdering av om det er andre risiko- og sårbarheitstilhøve enn det går fram her.

Fylkesmannen gjer merksam på at Direktoratet for byggkvalitet har på vegne av Kommunal- og moderniseringsdepartementet har lagt «Forslag til endringer i byggt teknisk forskrift § 11-6 om brannsikkerhet og avstandskrav på campingplassar» på høyring.

Når det gjeld grunnforhold (og kvikkleire) kan ikkje Fylkesmannen sjå at dette er vurdert i planen. I dei områda det ikkje er krav om detaljregulering må potensiell fare for marine avsetningar vurderast.

Konkrete innspel til føresegnene:

- Føresegnene bør knytast til objektive og konkrete normer og terskelverdiar.
- Føresegnene bør ikkje ha formuleringar som «i størst mogleg grad» og «dersom dette er mogleg», då dette er vanskeleg å styre etter å følgje opp.
- Føresegnene må vere eintydig når det gjeld krav om reguleringsplan for alle byggeområda.
- Kritisk til at det ikkje er stilt krav om detaljreguleringsplan for nye byggeområde og for byggeområde som er vidareført frå gjeldande plan og som ikkje er utbygd. Døme på byggeområde dei meiner det bør stillast krav om reguleringsplan er for nokre av bustadområda og fritids- og turistføremålområda FT401, FT402, FT405.
- Det må vere tilstrekkeleg utfyllande føresegn for alle områda der det vert opna for utbygging utan krav om reguleringsplan.
- Rår kommunen til å ha byggjegrænse mot vassdrag med tilhøyrande føresegn.
- Rår til at føresegnene i høve leikeareal blir meir konkrete for storleik, avstand og kvalitet.
- Rår til å innarbeide tydlegare føringar for vidare utbygging av naustområda.
- Må innarbeidast føringar som sikrar at det ikkje vert gjort uheldige inngrep, eller som sikrar vassdragsinteressene godt nok, ved etablering av Tystigen kraftverk.
- Må innarbeidast opplysningar om omfang og korleis utfyllinga skal utførast for GF402.
- Må innarbeidast kor mange takoverbygg som kan førast opp i GF404.
- Fylkesmannen peiker på at det må stå i føresegnene at det er eit vilkår at bygningane som skal førast opp innanfor LNF-føremålet skal vere knytt til aktiv landbruksdrift. Dette gjeld også for stølar og naust.
- Føresegnene i høve stølar må vere tydlegare med omsyn til kor mange stølshus som kan førast opp på kvar støl og kor stort bygg kan vere.
- Føresegnene i høve naust må vere tydlegare med omsyn til kva vatn det kan førast opp naust ved, kor mange naust som kan førast opp og kor stort kvart naust kan vere.
- Det blir opna opp for enkle tilretteleggingstiltak for omsynssone friluftsliv. Det bør stå kva dette omfattar.

I brev av 27.08.2019 gjev Fylkesmannen tilbakemelding til dei justerte føresegnene som kommunen sendte inn før sommaren. Dei peikar på følgjande:

Det må vere tilstrekkeleg utfyllande føresegner for dei byggeområda der det vert opna for utbygging utan krav om reguleringsplan. Dersom det er plass til fleire enn tre nye tomter i eit byggeområde må det stillast plankrav. Det er eit lovkrav at omfang av utbygginga (tal tomter og utnytting), støy/folkehelse og uteareal må stå i føresegnene, elles skal det vere krav om reguleringsplan.

Når det gjeld byggjegrænse mot vassdrag skriv Fylkesmannen at kommunen har ei plikt til å vurdere

om det skal fastsetjast ei byggjegrænse. Føresegnene bør omfatte føringar i høve dette.

Føresegna som omhandlar fortetting i eksisterande bustadområde meiner Fylkesmannen er for vid og gir ingen avklaringar. Føresegna må endrast då kommunen ikkje har lovheimel til å gje ei slik føresegn.

Fylkesmannen skriv at det må gå fram av føresegnene om kor mange naust som kan førast opp i kvart av dei fem byggjeområde NA401-NA404 og i NA406. Dei rår vidare kommunen til å endre føresegna for NA405 slik at nausta ikkje blir så dominerande i landskapet.

Fylkesmannen opplyskar om at kommunen ikkje har lovheimel til å gje ei føresegn om at naust kan berre oppførast der landbrukseigedomar har naustrett etter jordskifte. Det må vere eit vilkår for oppføring av naust innanfor LNF at bygningane er knytt til aktiv landbruksdrift, og at det difor er eit landbruksmessig behov for bygget. Dette gjeld også for omsynssonene. Det må elles setjast høgdeavgrensing for evt. naust og nye sel/stølshus i føresegnene i slike tilfelle.

*Kommentar:*

*For at ikkje plandokumenta skal bli for omfattande er dei miljørettslege prinsippa etter naturmangfaldlova vurdert samla. Rådmannen rår til at ein held fast på å gjere det på denne måten.*

*I lengre tid har det vore mangel på bustadtomter i Oppstryn, dette var difor noko av det viktigaste å få løyst i kommunedelplanen. I høve tal bustader i planframlegget er det grunn til å tru at det hadde vore bygt fleire hus i planområdet dersom det hadde vore tilgjengelege tomter. Nokre av dei nye bustadområda i planframlegget avheng og av andre faktorar, mellom anna tilkomst, og er av den grunn ikkje er så lette å gjennomføre. Rådmannen rår difor til at planen skal omfatte dei føreslegne bustadområda.*

*Det har vore vanskeleg å finne trygge område innanfor planområdet, då det er særleg utsett for både skred og flaum. Dette betyr at ein i nokon grad må ta i bruk landbruksområde dersom ein skal få lagt ut nye utbyggingsområde.*

*Området som Fylkesmannen ba kommunen vurdere som nytt bustadområde på Fosnes (FT406) er også landbruksareal, men er regulert til jordbruk/camping i gjeldande reguleringsplan. Dette området er utsett både for skred, flaum, støy m.m. og er av den grunn lite eigna til bustadområde.*

*Solbakken bustadfelt ligg i eit område som ikkje er definert som kjerneområde landbruk. Store delar av arealet har hellingsgrad 1:3 - 1:5, og nesten halvparten er beite. Rådmannen meiner at skal vi få plassert tilstrekkeleg med bustadtomter i planområdet bør planen omfatte dette området.*

*Etter råd frå Fylkesmannen har utbyggingsområdet på Øvre-Flo fått endra føremål til LNF (Landbruks- natur- og friluftsføremål) med spreidd næringsbusetnad, i staden for fritids- og turistføremål. Bakgrunnen for dette er at reiselivssatsinga i stor grad er knytt til garden sine ressurser, og då er det meir korrekt å nytte dette føremålet. Det er sett krav om detaljreguleringsplan for LSN401 (tidlegare FT401) på Flo.*

*Det er ikkje høve til å utføre catskiing heilt opp på Kvitlenova, berre til foten av fjellet. Rådmannen har elles endra føremål frå idrett til LNF for den sørlege trekanten av ID403. Det er innarbeidd meir føringar i høve til bygningane som kan oppførast.*

*Traséen for gang- og sykkelvegen er ikkje juridisk bindande. I planframlegget ligg den no i hovudsak mellom vegen og Oppstrynsvatnet, då dette har minst konsekvensar i høve landbruket. Dette kan justerast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for gang- og sykkelvegen.*

*Det er sett krav om ein situasjonsplan for turvegen mellom Mindresunde og Dispen.*

Rådmannen har delvis vurdert eldre reguleringsplanar opp mot nasjonale og regionale interesser, av den grunn er nokre område teke ut av planframlegget. Søknadar om utbygging etter reguleringsplanar eldre enn 10 år blir sendt på høyring.

KB401 i Veslebygda er ei stadfesting av eksisterande bruk, så Rådmannen kan ikkje sjå at det er naudsynt å krevje detaljreguleringsplan eller avdekke reell fare. For område B417 på Hjelle er det avdekka reell fare, noko som er teke omsyn til i føresegnene.

For at det skal vere lettare å sjå samanheng mellom den overordna ROS-delen og ROS for dei einskilde områda, er den generelle delen flytta til heftet som omfattar KU og ROS. Rådmannen opplyskar om at det elles er nytta mange omsynssoner til dei «sårbare objekta».

Rådmannen har ikkje gjort nokon endringar på retningslinene for campingplassane. Dersom det kjem nye avstandskrav må ein imøtekome desse, sjølv om dei ikkje er omfatta av kommunedelplanen.

Det står i planomtalen og i føresegnene korleis ein skal forhelde seg til kvikkleire og marin grense.

For dei nye utbyggingsområda som ikkje har plankrav står det no omfang av utbygginga i føresegna der dette er naudsynt, dette er altså ikkje gjort der det er gjeldande reguleringsplan og/eller område som ikkje kan fortettast. Når det gjeld støy/folkehelse står det i dei generelle føresegna at retningsline T-1442 skal leggest til grunn. Rådmannen kan elles ikkje sjå at det er naudsynt med krav om uteareal i desse små eksisterande bustadområda der det er fortetting, då det allereie er god tilgong til nærliggande friområde og store område med LNF.

Etter samtale med Fylkesmannen er føresegna vedrørande byggjegrænse mot vassdrag slik den var ved offentleg ettersyn.

Det er lagt inn eit eksisterande naustområde på Flo som naustføremål i plankartet. Dette er ei stadfesting av eksisterande bruk med høve til fortetting.

Når det gjeld føresegnene er det gjort følgjande endringar (sjå planframlegget):

- Føresegnene er meir konkrete og tydlege, og med omsyn til krav om reguleringsplan.
- Det er sett krav om detaljreguleringsplan for fleire utbyggingsområde.
- Lagt inn meir konkrete føresegn for leikeareal.
- Føresegna er gjort meir tydlegare og korrekte for naust og stølar.
- Vilkår knytt til mellombelse bygningar for Stryn sommarskisenter er lagt inn.
- Det er sett krav om detaljreguleringsplan for område E401 (Småkraftverk Tystigen)
- Noko meir utfyllande føresegn for friområde er lagt inn, men ikkje for friluftsliv.
- Omfang av utbygginga (tal einingar) er teke inn der dette er naudsynt.
- Føresegna som omhandlar fortetting i eksisterande bustadområde er teken ut.

### **Samla vurdering:**

Planen dekkjer eit stort geografisk område og legg føringar for framtidig arealbruk og utvikling for Oppstryn. Eit av dei viktigaste måla for planarbeidet har vore å finne nye sikre bustadområde i Oppstryn. Det har difor vore eit hovudfokus i planarbeidet å finne trygge areal til bustadføremål.

Planen er i stor grad eit resultat av dialog og innspel, både før planprogrammet vart fastsett og undervegs i prosessen fram til planframlegget vart sendt på høyring. Innspel til planen i høyringsperioden har i stor grad blitt teke til følge, med unnatak av nokre innspel på tilrettelegging for fritidshus. Etter sterke føringar frå Fylkesmannen er planframlegget med føresegner skjerpa vesentleg når det gjeld plankrav for nye utbyggingsområde og presisering av føresegner, i høve til framlegget som var ute på høyring.

Planarbeidet har hatt eit ekstra fokus på klimaomsyn i arealplanlegginga, blant anna har det vore gjennomført eit eige «klimaprojekt» i samarbeid med Vestlandsforskning.

Av viktige tema frå planprogrammet som er løyst i planen, kan nemnast;

- Om lag 110 dekar til nye bustadområde (tilsvarar ca. 56 nye bustadar)
- Utarbeidd sentrumsplan for Hjelle, blant anna med plass for fleire nye bustadar (10 stk)
  - Folkehelseomsyn, med tilrettelegging for gang- og sykkelveg, lokalisering av bustadområde med god tilgang til turområde, turdrag, leikeområde etc.
- Utviklingsområde for Stryn sommarskisenter
- Klimavenlege løysingar knytt til bustadutbygging og utvikling av Stryn sommarskisenter
- Trasé for samanhengande gang- og sykkelveg/turveg frå Mindresunde til Folven
  - Planen legg til rette for utviding av eksisterande hytteområde, område for nye utleiehytter og utviding av område for camping

Tema som er utgreidd, men ikkje løyst i planen er;

- Det er ikkje lagt inn nye næringsareal i planen, utvidingsareal for Buda er vidareført i planen
- Det er ikkje avsett areal til nye massetak eller deponiområde i planen
- Tilrettelegging for Nasjonalparklandsby

Plankartet, planomtalen med føresegn og konsekvensutgreiinga med ROS-analyse er justert i høve til dei tilrådde endringane.

Rådmannen er av den oppfatning at planframlegget samla sett legg til rette for ei god utvikling for Oppstryn, og syner elles til vurderingane og utgreiingane i planomtalen.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av pbl § 11-15 blir framlegg til kommunedelplan for Oppstryn vedteken, med plankart dagsett 01.09.2019 og planomtale med føresegn dagsett 01.09.2019.

#### **Formannskapet 11.09.2019:**

##### **Handsaming:**

Sonja Øvre - Flo (H) hadde fått permisjon og forlet møtet. Det var 6 røysteføre.

Før handsaming av saka orienterte plan og næringsjef Geirmund Dvergsdal og kommuneplanleggar Lisbet Lervik om planen.

Framlegg frå Per Kjøllesdal (Sp) *Område GF 401 aust for elva: Det vert føreteke ei reguleringsendring i samsvar med grunneigaren sitt ønskje.* Det vart røysta over framlegget. Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Pål Vonheim (Ap): *Solbakken vert tatt ut som bustadområde og vert lagt inn som jordbruksområde. Merket B413.* Det vart røysta over framlegget. 1 røysta for (Pål Vonheim, Ap). 5 røysta mot. Framlegget fall.

Vedtaket får denne ordlyden:

1. I medhald av pbl § 11-15 blir framlegg til kommunedelplan for Oppstryn vedteken, med plankart dagsett 01.09.2019 og planomtale med føresegn dagsett 01.09.2019.
  
1. Område GF 401 aust for elva: Det vert føreteke ei reguleringsendring i samsvar med grunneigaren sitt ønskje.

## **FO- 131/19 Vedtak:**

1. I medhald av pbl § 11-15 blir framlegg til kommunedelplan for Oppstryn vedteken, med plankart dagsett 01.09.2019 og planomtale med føresegn dagsett 01.09.2019.
1. Område GF 401 aust for elva: Det vert føreteke ei reguleringsendring i samsvar med grunneigaren sitt ønskje.

## **Kommunestyret 24.09.2019:**

### **Handsaming:**

Før handsaming av saka heldt plan- og næringssjef Geirmund Dversdal orientering. Kommunestyret vart gjort kjende med at småbåthamna som er teikna inn på Flo er feilplassert i kartet. Småbåthamna på Flo skal vere plassert på same stad som hamna som vart brukt til rutebåten. Framlegg frå Sven Flo (H). *Det vert gjort kartjustering av småbåthamna på Flo.*

Framlegg frå Aud Løvlid (H): *Parkeringsplass på gbnr 8/3 og gbnr 8/5 på Flo vert teken ut av planen.* Det vart halde gruppemøte.

Ole Johnny Nesdal bad kommunestyret vurdere gildskapen. Han er gift med den som har hatt ansvar for utarbeiding av planen. Kommunestyret kjende Nesdal gild, og han deltok i handsaming av saka. Sonja Øvre-Flo bad kommunestyret vurdere gildskapen. Har eigarintresser i Gbnr 8/3 og 8/5 på Flo. Rådmannen peika på representanten sitt ansvar for å gjere eigne vurderingar av gildskap. Kommunestyret kjende Øvre-Flo ugild i handsaminga av framlegget frå Aud Løvlid om parkeringsplassen på Flo. Heimel forvaltningslova § 6. Øvre-Flo vart kjend gild i handsaminga av resten av saka.

Det vart røysta over framlegget frå Sven Flo (H): Det vert gjort kartjustering av småbåthamna på Flo. Det var 24 røysteføre. Samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Aud Løvlid(H): Parkeringsplass på gbnr 8/3 og gbnr 8/5 på Flo vert teken ut av planen. Det var 23 røysteføre. Samrøystes vedteke.

Det vart røysta over formannskapet si tilråding. Det var 24 røysteføre. samrøystes vedteke.

## **KS- 083/19 Vedtak:**

I medhald av pbl § 11-15 blir framlegg til kommunedelplan for Oppstryn vedteken, med plankart dagsett 01.09.2019 og planomtale med føresegn dagsett 01.09.2019.

Område GF 401 aust for elva: Det vert føreteke ei reguleringsendring i samsvar med grunneigaren sitt ønskje.

Det vert gjort kartjustering av småbåthamna på Flo.

Parkeringsplass på gbnr 8/3 og gbnr 8/5 på Flo vert teken ut av planen.